



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
22.05.2018  
Dykkar dato  
05.04.2018

Vår referanse  
2016/7154 421.3  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Alverflaten industriområde sør**

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.04.2018 med melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan Alver næringsområde sør, plan-id 1263-201601.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å regulere næringsarealet som er sett av i kommunedelplan for Knarvik-Alversund som ei utviding av eksisterande næringsareal i området.

#### **Fylkesmannen sine merknader**

Fylkesmannen meiner at det er gjort mykje godt arbeid med planforslaget. Vi har likevel nokon merknader.

#### ROS-analysen

ROS-analysen ser i utgangspunktet grei ut, men det kunne med fordel komme klart fram om konsekvensen dreier seg om liv og helse, miljø eller økonomi.

#### Planskildringa

Planskildringa ser ikkje ut til å vere oppdatert etter dei siste endringane i planen. BN3 er til dømes ikkje omtalt i planskildringa. Det bør også leggest til kva som er vurderingane rundt den alternative tilkomsten (føresegnområde #1).

#### Tenesteyting (BOP)

Det er få opplysningar om dette formålet i planskildringa og føresegna. Område ligg for seg sjølv og er ikkje ein naturleg del av planen. I kommunedelplan Knarvik Alversund er området ein del av eit større område som er sett til tenesteyting. Det er ikkje opplyst i forslag til reguleringsplan om det er ein planprosess på gong i dette området. Fylkesmannen vil rå kommunen til å klargjere kvifor område er med i planen og om naudsynt leggja inn rekkjefølgjekrav til området. Ved planlegging av resten av området for tenesteyting bør ein også ta med tenesteyting i denne planen for å få ein heilskapleg reguleringsplan.

#### Føresegn

Nokre av føresegnene er veldig lange og omhandlar fleire tema. Vi meiner at fleire av desse kan delast opp for at ein lettare kan referer til og finne fram i føresegnene.

Vi oppfattar føresegn 1.9 som eit rekkefølgekrav og vil rå kommunen til å flytte det slik at det ligg under riktig overskrift. Dette vil gjere det lettare å finne fram i planen.

I føresegn 4.1 er det klargjort parkeringsdekning for industri/verkstad og lager. Det er ikkje sett noko parkeringsdekning på salsareal, kontor eller annan service som det også opnast for. Dette bør leggast inn og vere i tråd med overordna plan.

Vi ynskjer lykke til med vidare planarbeid.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER